

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.02.2018

Nils Marton Aadland (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkesutvalet viser til høyringsuttalar frå Fjell kommune og Meland kommune. Desse blir tatt til følgje, og innarbeidd i planen.»

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Aadland sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (MDG, SV).

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek «*Rammeplan for avkjørsler med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest 2017-2020*», og godkjenner fylkesrådmannen sine tilrådingar i saksutgreiinga når det gjeld haldningsklasse for dei veglenkene som einssilde kommunar har hatt merknad til i høyringsrunden.
2. Fylkesutvalet viser til høyringsuttalar frå Fjell kommune og Meland kommune. Desse blir tatt til følgje, og innarbeidd i planen.